



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 10/4 - Rødland - etablering av slipp til naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.02.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av båtslipp til naust. Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i KP for Lindås 2019-2031 er definert som LNF-område. Administrasjonen legg til grunn at tiltaket ikkje søknadspliktig etter pbl. § 20-1 da båtslippen er lågare enn 0,5 m over terreng. Tiltaket krev likeins dispensasjon frå arealføremål LNF og 100-meters byggjeforbodssona langs sjø jf. pbl. § 1-8.

### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket skal lette bruken av naustet. Bredden på båtslippen vil være ca. 2,5 meter og lengden er ca. 12 meter fra og naustet og ned til fjære sjø. Tiltaket består av å legge armert betong på arealet.

Tiltaket vil endre utrykke rundt naustet til meir bygd. Dette vil også i nokon grad auke privatiseringa av området, sjølv om vi vurderer at auken vil vere liten. Det er ikkje ønskeleg med betongslipp ved alle naust i kommunen, og vi meiner kommunen må vurdere og leggje vekt på om ein dispensasjon i saka kan gje føringar for liknande saker i kommunen.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN